

Møtereferat

FAU
Sund ungdomskule

Dato: 10.03.26
Møteleder: Bente
Blomvågnes-Bakke
Referent: J. Håkonsund



	Representant		Vara	
8A	Marianne Glesnes	X	Lisbeth Hjelle	
8B	Margrethe Fikse	X	Margriet Tøgard	
8C	Ingvild Bessesen Eide	X	Mariell Høyland	
8D	Roger Førde	X	Margun Wikum Olsen	
8E	Liv Toril Furuset Golf	X	Anette Hammersland	
9A	Jannicke Håkonsund	X	Kristin Skage	
9B	Charlotte Solsvik	X	Michael Grote	
9C	Luminita Simona Mihaila		Kari-Anne Glesnes	
9D	Hilde Bakke Howard	X	Joni Risa	
9E	Jeanette Forland	X	Cecilie Kalvik	
10A	Kjetil Klepsvik		Inge Vik	X
10B	Jeanett Angeltveit		Marita Hamre	
10C	Ida Einebærholm	X	Sølve Golten	
10D	Bente Blomvågnes-Bakke	X	Miriam Haugstad Blomvågnes	
10E	Jørgen Kausland	X	Silje Bøthun	
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

1. Godkjenning av innkalling, referat og sakliste – godkjent
2. Status arbeidsgrupper - ingenting nytt å melde frå sponsor -og trafikkgruppa
3. Kommunalt FAU – nå oppretta i Brønnøysundregistret. Det blir planlegging framover mot oppstarten som blir på hausten.
4. Informasjon frå rektor
 - a. 8A vann dodgeballturneringa.
 - b. 9.trinn har vore på besøk hos Nordsjøfartsmuseet, der temaet var krig
 - c. 9.trinn har fått spela world peace game, der dei involverte elevane hadde kvar sine roller i spelet. Over tjuve konflikter vart gitt ved start, og det blir elevane sitt ansvar å løysa dei. Dei lærer å gje, ta og forhandla. Elevane var veldig engasjerte og tok eigarskap til rolla dei vart tildelt.
 - d. 9.trinn har fått nye MOTivatorar. Det har vore ein stor søknadsprosess med mange søkjarar.
 - e. 10.trinn har feira den samiske nasjonaldag ved mellom anna å ha reinsdyrløp.
 - f. 10.trinn har hatt uteskule, der dei har lært å tenna bål på forskjellige måtar. Det vart prøvd i båltenning.
 - g. Alle trinn har fått delta i volleyballturnering og karneval .
 - h. Anders Næss hadde eit foredrag for lærarane – «Vis bakgrunnsforståelse – se hele mennesket».
 - i. To lærarar har vore på jobbskugging i Bulgaria. Då handla det om matematikk og naturfag.
 - j. Alexandra frå 9.trinn og Dorthea frå 10.trinn var skulen sine representantar på Elevtinget 9.-13.mars
 - k. Skuleball: ønsker at det skal få konsekvensar av bruk av alkohol. Utfordringa er at når det skjer noko på skulen, så tenkjer ein at det er skulen som har ansvaret. Rektor og avdelingsleiar får lett skulda viss foreldre slepp inn berusa elevar.

Samtidig er det positivt at det kjem lærarar frå skulen, for dei kjenner elevane og veit kven som ikkje tilhøyrar skulen. Det må det bli meir tydlegare kven som har ansvaret for arrangementet. Vi kan informere betre i forkant.

- I. Elevundersøkinga:
 - i. 10.trinn skårar generelt dårlegare enn dei andre trinna på alle spørsmåla.
 - ii. Trivsel har gått opp på alle trinna.
 - iii. Altfor høge mobbetal, men tala er lågare enn året før. Rektor har snakka med elevrådet og dei kjenner seg ikkje igjen i desse tala. Det vises heller ikkje på sakane dei får inn. Kanskje dei ikkje kjenner forskjell på krenking og mobbing, mobbing kan også skje på fritida og ikkje på skulen. Inntrykket frå fleire er at det aldri har blitt jobba meir med mobbing enn no. Uansett årsak til høge tall, så kan ein ikkje utelukka at dei faktisk er reelle.
 - iv. Trygt miljø og støtte frå lærarane – 10.trinn lågare, resten på gjennomsnittet eller litt lågare
 - v. Motivasjon – overraskande at 8.trinn har gått litt ned på det at dei gleder seg til å gå til skulen. Alle trinn er stort sett under landsgjennomsnittet på alt.
 - vi. Elevmedverknad – 9.trinn er over landsgjennomsnittet, resten er under. På SU-møtet sa elevrepresentant frå 9.trinn at dei ofte fekk vere med å bestemme korleis dei skal presentera ei oppgåve.

5. Eventuelt:

- a. Det kan vere vanskeleg å få kontakt med alle på Facebook, og dei fleste synes at Spond er betre. Forslaget er å laga ei felles Sund ungdomsskule Spond gruppe, men undergrupper for kvart årskull og klasse.
- b. Det vart prata mykje om skulemiljøet, og det å vere oppmerksom på ungdom som trekkast mot «gjengar» som ikkje er heilt heldige. Viktig å vere tidleg nok ute å forebygge. Ikkje alle trinn har vore gjennom eit opplegg med barnevakten, politi og MOT. Eit slikt opplegg bør vere obligatorisk for alle elevar, og foreldre bør også delta. FAU-leder tar saka vidare til SU